

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 075/14 | Formannskapet | PS   | 04.09.2014 |
| 076/14 | Kommunestyret | PS   | 18.09.2014 |

| Saksbehandlar          | ArkivsakID |
|------------------------|------------|
| Therese Urdahl Braseth | 14/6286    |

## **Rehabilitering Alversund skule- prekvalifisering og utbetaling til entreprenører.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det blir ikkje valt ei løysing med prekvalifisering og utbetaling av honorar til entreprenører for prosjektet med rehabilitering av Alversund Skule.

### **Formannskapet - 075/14**

#### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster, mot 2 (N.Øvreås-Frp og B.Vatnøy-Frp.)

#### **FO - vedtak:**

Det blir ikkje valt ei løysing med prekvalifisering og utbetaling av honorar til entreprenører for prosjektet med rehabilitering av Alversund Skule.

### **Kommunestyret - 076/14**

#### **KO - behandling:**

Einingsleiar Therese U.Braseth orienterte til saka.

#### **Fellesframlegg:**

For å sikra vidare framdrift i saka nyttar ein ikkje prekvalifisering i vidare arbeid med Alversund skule.

Kommunestyret opphevar punkt 2 og 3 i vedtak kommunestyret 28.11.2013.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**KO - vedtak:**

For å sikra vidare framdrift i saka nyttar ein ikkje prekvalifisering i vidare arbeid med Alversund skule.

Kommunestyret opphevar punkt 2 og 3 i vedtak kommunestyret 28.11.2013.

**Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

I utvalssak nr 87/13 i kommunestyret 28.11.2013 blei det gjort følgjande vedtak:

| Utvalssak nr. | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
| 87/13         | Kommunestyret | 28.11.2013 |

**Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013**

1. Kommunestyret bed rådmannen sjå på rehabilitering av Alversund skule fleksible løysingar der ein også ser fleirbrukshall som eit av løysingsalternativa. Løysninga skal minimum stetta krava til miljøretta helsevern i barnehage og skule, og legges samstundes til rette for gode pedagogiske løysingar. Arbeidsgruppa sitt føreløpige arbeid vert tatt vidare til rådmannen sitt vurderingsarbeid. Arbeidsgruppa vert avvikla etter siste møte i gruppa.
  2. Prosjekt skal gå for ei løysing av prekvalifisering og anbod for inntil 5 tilbydarar om bygging og rehabilitering av Alversund skule.
  3. Budsjett 600.000 til utarbeiding av anbodsdokument 200.000,- 400.000,- til dei 4 aktørane som ikkje vert vald.
- I pkt 2 er det vedtatt at prosjektet skal gå for ei løysing av prekvalifisering og anbod for inntil 5 tilbydarar om bygging og rehabilitering av Alversund skule.
  - Pkt 3 forstår administrasjonen slik:
  - Budsjett 600.000 kr.
  - 200.000 kr til utarbeiding av anbodsdokument.
  - 100.000 kr til kvar av dei 4 aktørane som ikkje vert vald. (Totalt 400.000kr)

## Bakgrunn:

Når ein evaluerer eit tilbod skiljar ein mellom kvalifikasjonskrav og tildelingskriterier. Tildelingskriterier er knytt til eigenskaper ved leveransen, til dømes pris, kvalitet og framdrift, medan kvalifikasjonskrav er krav knytt til kor eigna leverandøren er til å levere den tenesta som er etterspurt. Kvalifikasjonskrav er altså dei krav som blir sett for at leverandørane skal kunne delta i ein konkurranse, ofte kalla minstekrav for deltaking.

Oppdragsgjevar kan stille minimumskrav til leverandørane, mellom anna til deira tekniske kvalifikasjonar, og til deira finansielle og økonomiske stilling. Vurdering av leverandørane sine tekniske kvalifikasjonar skal særleg baserast på kriterier som fagleg kompetanse, effektivitet, erfaring og kor påliteleg dei er.

I ei prekvalifisering er det berre kvalifikasjonskrav som blir etterspurt. Ei prekvalifisering har som hensikt å raskare sile ut dei leverandørane/entreprenørane som ikkje overheld kvalifikasjonskrava. Desse vil ein også sile ut i ein ordinær ambudsprosess utan prekvalifisering, men då kjem det som ei eitt-trinnsløysing istadenfor ei to-trinnsløysing.

I dei fleste tilfelle er prekvalifisering valfritt. Alle leverandørar kan melde seg til prekvalifisering, medan byggherren kan velje kor mange som skal gå vidare etter ei prekvalifisering. Til dømes maks fem leverandørar.

## Vurdering:

Argumenta for å gjennomføre ei prekvalifisering:

- Det blir forventa mange tilbydarar
- Er det stor risiko for useriøse aktørar?
- Det kan vere ressurskrevjande å sende konkurransegrunnlaget til samtlege som ønskjer det, og alle tilboda må evalueras. Talet vil bli redusert etter ei prekvalifisering.
- Evaluering av tilbod kan vere ressurskrevjande viss det gjeld kompliserte tenester/kontraktar kor tilboda er omfattande og kor tilboda kan vere vanskeleg å samanlikne.
- Blir det forventa at mange leverar tilbod, kan ein spare ressursar for oppdragsgjever og leverandørar ved å setje avgrensing på kor mange tilbod ein vil motta.
- Når anskaffinga er sensitiv og oppdragsgjevar må gje sikkerheitsklarering til dei som skal gje pris.

Argumenta for ikkje å gjennomføre ei prekvalifisering:

- Når det er forventa få tilbydarar (Sparar tid og kostnadar)
- Når det er liten risiko for useriøse aktørar
- Det blir større konkurranse grunna fleire innkomne tilbod.
- Det er mindre tidkrevjande, fordi ein legg opp til ein eitt-trinnsløysing framfor prekvalifisering og anbudsprosess. Ein sparer tid ved at ein slepp å utarbeide grunnlag for prekvalifisering, svarfrist og evaluering av denne.
- Det er mulig å vekte kvalifikasjonskrava saman med tildelingskriteria. Altså både erfaring, kapasitet, pris, kvalitet og framdrift.

Ser vi på dei siste prosjekta i Lindås kommune har det vore mellom 1 og 5 tilbydarar. Det har heller ikkje vore utbreidd med useriøse aktørar i marknaden. Sist gong vi hadde ei prekvalifisering var på Seim skule. Her var det 5 som ville prekvalifiserast og alle 5 gjekk vidare til anbodskonkurransen. For å spare tid og pengar er det derfor vår anbefaling å ikkje gjennomføre ei prekvalifisering på Alversund skule.

Foreløpig framdrift i planlegginga er at vi skal ha anbodsmateriale ferdig til 1. desember 2014. Då vil vi kunne vere klare når skuleferien startar og det er ein stor fordel.

Vi ser heller ingen grunn til å utbetale 100.000 kr per entreprenør som ikkje blir valt. Dette er ei ordinær anbodsform og konkurransegrunnlaget er det same for alle tilbydarane. Konkurransegrunnlaget er under utforming og teigningsgrunnlaget er ferdig så langt det er tilrådd i høve til entreprisforma totalentreprise.